



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
14/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-250, FE-240, TI-&00	21/1452

ØKONOMIREGLEMENT VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Økonomireglement Vaksdal Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Økonomireglementet for Vaksdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna målsettingar

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 18/2022

FPØ - Behandling:

Framlegg frå Amalie Johnsen Lunde på vegner av SV, SP og H:

Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna målsettingar

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Økonomireglementet for Vaksdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna målsettingar

Saksopplysningar:

Formelt grunnlag

Kommunelova

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner

Sak 112/2021, behandla i kommunestyret 14.12.21

Bakgrunn for saka

Økonomireglementet vart vedteke i kommunestyret 14.12.21, i sak 112/2021, med vedtakspunkt som skulle utbedrast. Vedlagt økonomireglement er ei revidering av førre reglement, med endringar. Vedtaket i desember 2021, punkt 3, sa at innkjøpsreglement skal innlemast i økonomireglementet men så langt foreslås desse behandla i kvar si sak og kan evt settast saman etterpå, eller stå som to separate reglement.

I Kommunelova § 14-2, d, er det krav om at kommunar og fylkeskommunaer skal vedta reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement). Det er kommunestyret sjølv som skal vedta økonomireglementet, noko som betyr at det ikkje kan delegerast til andre.

I Kommunelova § 14-2 er det krav til at kommunestyret sjølv skal vedta:

- a. Økonomiplan og årsbudsjett
- b. Årsrekneskap og årsberetning
- c. Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi
- d. Reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement)
- e. Reglar for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement)

Økonomireglementet skal utfylla økonomibestemmingane i kommunelova med forskrifter. Sentrale tema i eit økonomireglement vil til dømes vera interne reglar som bidreg til god økonomistyring og måloppnåing, forsvarleg og effektiv økonomiforvaltning og regeletterleving.

Økonomireglementet skal vera eit godt verktøy for både politikarar og administrastrative leiarar. Reglementet skal takast opp til politisk handsaming ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Økonomireglementet byggjer på økonomibestemmingane i kommunelova med tilhøyrande forskrifter samt god kommunal rekneskapsskikk.

Kap. 14 i Kommunelova inneheld reglane om økonomiforvaltning. Når det i lova står «kommunestyret sjølv» betyr det at fullmakta ikkje kan delegerast til andre. Formannskapet skal innstilla i saker som vedkjem økonomi, økonomiplan og årsbudsjett inkl. budsjettendringar, årsrekneskap og årsmelding jf. Kommunelova § 14-3, 3. ledd. Kontrollutvalet skal uttala seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet innstiller i saka.

Formannskapet er etter Kommunelova kommunen sitt økonomiutval og innstiller til kommunestyret i saker som gjeld økonomi. Andre politiske utval har ikkje fullmakt til å gjera vedtak i økonomisaker etter lova. Desse må i tilfelle senda sine innspel til formannskapet.

